

Fiolprakt på Neset

12.05.2009



No i skiftet mellom vår og sommar er det mykje å gle seg over for dei som er svake for blomeprakt. Frå Neset i Uskedalen har vi tidlegare presentert ein fantastisk magnolia i kvit skrud, men det stoppar ikkje der. På same garden imponerar no ei låvebru med ein fiolprakt som ein sjeldan ser maken til.



Fiolprakten er nærare bestemt ei rekkje med nattogdag på begge sider av brua. Og er du ikkje botanikar og lurar på kva slags blome dette er, kan ein heller nytta ordet stemorsblomst, for den kjenner alle fordi den truleg er den mest brukte sommarblomen vi har.

Nattogdag - eller også Sologmåne - er eit kallenamn på ein variant av stemorsblomsten som er viltvoksende her i landet.

Denne planta er og å finna andre stader i Europa, Vest-Sibir, Lilleasia og Nord-Afrika.

I folkemedisinen har forresten den 'ville' stemorsblomsten (*viola tricolor*) vore brukt mot mange slags sjukdomar. Den var betrakta som effektiv mot til dømes gikt og revmatisme, nervøst hjerte, hysteri og krampar hjå born!

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)